



– Syt for å spissa debattane og unngå dei tradisjonelle menighetsmøta, seier seniorforskar Johan Barstad.

## Samfunnet må med i fjøset

Vinteren er høgseong for landbruksmøte. Landbruket vil ha mykje å henta på å invitere langt breiare enn det som er vanleg, og nytta debatt- og taleid til å stilla spreke spørsmål heller enn å presentera velkjende og etablerte fasitar, meiner Johan Barstad ved Høgskulen landbruk og bygdeutvikling (HLB).

### YTRING

Tekst og foto: Sjur Håland

**N**ei, landbruket er slett ikkje einssidig navleskodande. Alle eg kjenner prøver finna dei gode løysingane som faktisk verkar, men framleis registrerer eg at viljen blant deltakarane i landbruket sine debatt- og møteforum til å sjå utover eigne fagfelt er for svak. Utfordringar som berre kan løysast i samarbeid med samfunnet kring oss, blir gjerne så vidt nemnde i ei side-setning, utan nærare debatt eller reelle analysar, seier seniorforskar og førstelektor ved HLB, Johan Barstad.

### Fortraust

Eit nyleg opplevd døme: på Samvirkekonferansen i Stavanger i januar sat Barstad blant tilhøyrarane og lytta til innleiaren frå samvirkeorganisasjonane. Han let seg gjerne imponera over framtidsvyar og kunnskaprike analysar kring marknadsordningar, ny teknologi, klimautfordringar og landbrukspolitikk. Men når tiltak og strategiar for framtida kjem opp, vert det helst litt for trygt og einspora.

– Eg registrerer at ein leitar etter dei nye løysingane innanfor strategiar som landbruket allereie er gode på – samstundes som ein stiller spørsmål om landbruket har verktøy som gjev ønska effektar. Det kan verka som om ein vil bruke ressursane på å tyna ut dei siste marginane heller enn å leita etter nye, lågthangande frukter, som kan gje von om større gevinst for mindre innsats. I mange tilfelle vil eg tru at landbruket si framtid heller er avhengig av at bonden vert plassert innanfor lokalsamfunnet og at ein evnar å inkludera storsamfunnet i debatten.

### Samfunnet må med

Ifølgje Barstad er det ikkje slik at ein vantar gode forslag til løysingar, problemet er å gjennomføre dei.

– Dei ulike sidene av samfunnslivet er så avhengige av kvarandre, at det å kunne gjennomføre vellukka løysingar for landbruket krev medverknad og oppslutnad også frå andre næringar, frå sivilsamfunn og frå hushald på utsida av næringa. Slik er det i landbruket – og slik har vi røynt at det er innanfor andre deler av samfunnsveven. Den som lukkast er den som får gjennomslag hos mange.

Barstad peikar på at sjølv om det då og då vart antyda at der ligg eit samfunn utanfor grinda, var det berre éin gong under konferansen at problemstillingar kring samfunnsmoglegheitene vart trekt fram.

– Då vart det peika på moglegheitene i møtet mellom økonomi, økologi og samfunn, men berre

peika på. Dette elementet vart umiddelbart stedd til kvile att.

Dette skjeringspunktet blir gjerne kalla berekrafttriangelet eller «Triple Bottom Line»-modell. Å ta dette med over i praktisk tenking når framtidsevane for norsk landbruk skal stakast ut, handlar mykje om å fase inn sunn fornuft, meiner forskaren.

– Om landbruket vil oppnå noko som inkluderer alle, ja så må dei andre, altså samfunnet, bli invitert med og føla at dei har ein rettmessig og viktig plass.

### Må opne dører

Akademikaren frå Sunnmøre har forskarerfaring frå både helseslag, skogsdrift, samfunnsøkonomi og samfunnsplanlegging. No jobbar han med bygdeutvikling i HLB, der landbruket er grunnpilaren. Barstad vil gjerne bidra til å utvikla landbruket og Bygde-Noreg vidare. Framgang kan utviklast, også utanom dei tradisjonelle produksjonsspora, der marginane blir stadig mindre.

Frå arbeid med utviklingssatsingar innanfor felt som helse og bygdenæringar har Barstad erfart at dei gode løysingane ofte krev nærare hopehav med

**«Still skarpe og pro-  
voserande spørsmål»**

grasrota enn dei fleste tenkjer. Samvirkeorganisasjonane vaks opphavleg fram frå grasrota, no har dei blitt toppunge konsern med kodelåsar og adgangskort.

Difor oppmodar Barstad landbruket til meir opne dører og sterkare fokus på grasrotnivå i samvirka, i samarbeid med andre, gode aktørar.

– Verken samfunnet som heilskap eller landbruksnæringa kan utviklast frå toppen aleine, aktiv og medveten medverknad nedanfrå er avgjerande. Og ikkje berre innanfor, men kanskje særleg i nær dialog og samvirke mellom alle nivå, segment, grupper og konstellasjonar. Særleg er det viktig at også lokalsamfunn og «folk flest» får vera til stades.

### Spiss debattane

– Korleis vil det perfekte landbruksmøtet vera utfrå din ståstad?

– Syt for å spissa debattane og unngå dei tradisjonelle menighetsmøta. Dei som alt er innanfor veit ofte kvar deiira egne sko trykkjer – allereie.

Still skarpe og provoserande spørsmål, inkluder aktørar frå andre samfunnsområde og be dei utfordra «våre» etablerte sanningar. Og ha i mente at gardsbruka er verdiskapande verksemdar som er så udeleleg knytte til samfunnet at det er utenkjelig å få gode ting til å skje utan at samfunnet spelar med på laget, seier Johan Barstad. ■